egg på trykk skal være signert med fullt navn. Anonyme innlegg godtas bare unntaksvis, når det kan d helt spesielle behov for å være anonym. Du kan også lese mening-innleggene på nettavisen under gblad.no. **SKRIV KORT.** Innnlegg som er kortere enn 280 ord slipper først fram i køen. Alle innlegg må st til **mening@hamar-dagblad.no eller SMS til 2097 kodeord HD.**

kan enes om.
bok jeg også har lest
etter den tragiske
i Middelhavet, er
ans bok: Et annat
esa øver den judiske-
nsen. Fås fra Deich-
Oslo gjennom

ærlig selvransakende

n hadde noen veldig
lassekampen fredag
sluttet hun sitt inn-
DAG med dette. "Det
ne syndebukker, å
n religion eller en
å ned på. Det er den
neskeofringen i ny
or det er påkrevd for
dag feier det igjen
– hatet vi forbannet
Men nå er det ikke
vandrere det går
emoniserer dem, i
e over raske forand-
er vanskelig å
n det er ikke lettere
for oss. Snarere tvert
vi ikke samarbeider,
or vår verden er for-
livbåt."
er med mine egne
mme gjelder selv-
. Vår støtte til det
palestinske folk gir
e rett til å forfølge
øder eller andre som
besøker oss. Heller
støtter Israel. Men
til å kritisere staten
nnlegg og muntlige
Også muslimer.
ener på å la være å
e ord i øst og vest.
r som Goldmann:
el?" Og hvor går vi?
AN i den Persiske
el plassert ut eller
ssere 3 nye tyskbyg-
ed atomvåpen om
nneskene på vår
rd gått fra vettet? Er
er og fortjeneste alt
?

Internasjonal
ed og Frihets
ppland i 2004.

Hitparade for ærlege finnarar

For ei stund sidan var eg på ein bensinstasjon i nærheita og klarte på ein eller annan måte å miste pengeboka mi utanfor kortautomaten utan å merke det. Men ikkje mange minutt etter at eg var kommen heim, var det nokon som ringde meg på mobilen og informerte meg om at dei hadde funne pengeboka mi. Det var ein del kontantar i pengeboka og eit godt utval med plastkort, så eg var nok heldig at det ikkje var nokon andre som fann den.

Med dette ønskjer eg enda ein gong å takke Randi og Einar for å ha levert pengeboka tilbake til meg. Samtidig vil eg nytte høvet til å skrive litt om språklege fin(n)urlegheiter igjen. Ordet "finne" er for så vidt relativt greitt, og vi har også dei to "finnarane" våre, sjølv om dei ikkje ville ha "finnarlønn". Men dersom finnarane hadde levert pengeboka hos politiet, hadde den blitt lagra der som "hittegods" og ikkje som "finnegods" eller "funn", som ein kanskje skulle kunne vente. Verbet "hitte" er derimot ikkje mykje brukt av folk flest. Det er meir vanleg i svensk eller dansk. Svenskane kan "hitta sig själv", og danskane kan "hitte noget på nettet". I begge tilfella ville vi på norsk som regel bruke "finne".

Verba "finne" og "hitte" kan vere synonym. Dvs. at dei kan tyde nokolunde det same, bl.a. kan dei også tyde "treffe" eller "møte". Elles finst både "finne" og "hitte" som "find" og "hit" i engelsk, men der vil dei nok ikkje kunne fungere som synonym. "Find" har meir eller mindre same bruksområde som "finne" i norsk", mens "hit" tyder "treffe". Mens ein i nordisk kan hitte ein person for å ha det hyggeleg saman, ville det nok ikkje bli mykje hyggeleg i England om ein "hit a person"; for då ville ein ha slått vedkommande med noko.

Korleis kan det ha seg at det same ordet kan ha så ulik tyding i nordisk og engelsk? I grunnen er ikkje tydinga så ulik, den har berre blitt forskove litt. Langt tilbake i indogermansk hadde ordet "finne" også tydinga "søkje" (jf. "skal vi prøve å finne den forsvunne katten?" = leite etter). Dermed kan ein sjå ein slags tydingsskala der ein beveger seg frå "søkje" til "finne" til "treffe". "Treffe" er forresten også eit interessant ord. Det er nemleg lånt frå tysk, som så mange andre ord i norsk. Men det som er mest interessant med "treffe", er at vi hadde akkurat det same ordet frå før, nemleg "drepe".

I gammalnorsk tydde "drepa", ved sida av den tydinga vi har i dag, bl.a. å slå, støyte, stikke. Dvs. det hadde meir eller mindre den same tydinga som "hit" har i engelsk i dag. Germansk d i framlyd blei gjerne til t i tysk, og p i innlyd kunne bli til f. Derfor utvikla "drepan" seg til "treffen" i høgtysk. Når "drepe" etter kvart konsentrerte tydinga rundt "å ta livet av", var det fritt fram for det tyske "treffe" å finne ein plass på tydingsskalaen søkje – finne – treffe – drepe. Dette blir reine hit(te)paraden. Men den største "hit-en" er dei to ærlege finnarane, som eg var så heldig å treffe etter at dei hadde funne pengeboka mi, som eg ikkje eingong rakk å leite etter.

JENS HAUGAN
Førsteamanuensis i norsk
Høgskolen i Hedmark